



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 13.12.2019  
Vår ref.: 2019/12524-12  
Saksbehandlar: malutk  
Dykkar ref.: 19/1148 - 19/16774

Att. Rolf Raknes

## Fråsegn til 1. gongs offentleg høyring og ettersyn - detaljregulering for akvakulturområde ved Toska sør - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 19.11.2019 om høyring av forslag til detaljregulering for akvakulturområde ved Toska sør, i Radøy kommune. Hovudføremålet i planen er å flytte eksisterande lokalitet som i dag er godkjent, og legge til rette for utviding av produksjon på ny lokalitet. Føremålet er i strid med kommuneplan der området er sett av til fleirbruksområde for fiske, ferdsel, natur og friluftsliv. Kommunen har vurdert at planen utløser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 16.08.2019.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internetsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Bakgrunn

Bakrunnen for reguleringsplanen er ønskje om å flytte eksisterande akvakulturføremål på Toska sør om lag 160 meter søraust. Lingalaks AS vurderer at arealet er betre eigna for oppdrett med omsyn til naturgjevne tilhøve enn dagens akvakulturområde avsett i gjeldande kommuneplan. Plangrensa er sett for å regulere tilstrekkeleg areal for å kunne etablere 8 merdar fordelt på to rekker på lokaliteten, samt ei førflate nordvest for merdanlegget. Dette vil kunne gje arealmesseg grunnlag for at lokaliteten kan ha ein produksjon på 3620 tonn maksimal total biomasse (MTB). Lingalaks har løyve til MTB på 1560 tonn på eksisterande akvakulturføremål. Løyve til auke i MTB vert vurdert ved søknad etter akvakulturlova.

#### Planfaglege merknader

Då planen utfordrar vedteken kommuneplan bad vi til oppstartsvarselet om at utredningane tok eit overordna kommuneplanivå, i tillegg til vurderingar om lokale verknadar på reguleringsplannivå. Vi bad også om at det må leggast vekt på samla verknad og belastning på heile fjordsystemet. Hordaland fylkeskommune meiner at konsekvensutgreiinga er eit adekvat kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere verknadene av flytting av akvakulturanlegget og utviding av arealbruk.

Planforslaget legg opp til ei auka arealbruk i sjø i høve til eksisterande situasjon, frå 6 dekar til om lag 100 dekar på overflata. Anlegget vert også meir eksponert ved flytting lengre ut i fjorden. Til oppstartsvarselet bad vi difor om vurderingar av moglege fjernverknadar av tiltaket. Vi bad også om vurdering av avbøtande tiltak for å redusere negative fjernverknader, utan at dette grip inn i tekniske omsyn, justert av

sektorlovverket. Hordaland fylkeskommune er positiv til at det i føresegnehene § 3.2 er tatt inn føringar for farge- og materialbruk som skal dempe anleggets uttrykk og verknader på omgjevnadene.

I planforslaget er det stadfesta at Lingalaks planlegg å gjennomføre støykartlegging når anlegget er etablert. Dersom kartlegginga viser uakseptable forhold skal desse utbetra. Hordaland fylkeskommune rår til at dette vert nedfelt i føresegnehene.

#### Akvakultur

Hordaland fylkeskommune vurderer høyringa som ansvarleg mynde for tildeling av akvakulturløyve og klarering av lokalitetar etter Akvakulturlova, og med ansvaret for å fremme og ivareta akvakulturinteressene i plansaker etter Plan- og bygningslova.

Vi viser til vår fråsegn til oppstart av planarbeid og høyring av planprogram av 16.08.2019. Vi er positive til at våre merknader i stor grad er tatt inn i reguleringsplanen, men vi har likevel nokre mindre merknader når det gjeld føresegnehene.

Fylkeskommunen påpeikte i fråsegna at ein kommune gjennom arealplanar ikkje kan fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold om for eksempel produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjeld lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormynde har tilsynsansvar. Hordaland fylkeskommune meiner dette i stor grad er følgt opp i framlegget til detaljreguleringsplan for Toska sør.

Innhaldet i føresegnehene vert i all hovudsak også regulert i akvakulturregelverket og anna regelverk. Føremålet med desse reguleringsane vil soleis bli ivareteke i både i reguleringsplanen og i sektorloververket, og vera heimla i to lovverk. Noko som medfører unødig dobbelthandsaming. Fylkeskommunen meiner at ein bør vera varsom med dette, og viser til at KMD i rundskriv H/6/18 har slege fast følgjande :  
*«Kommunen må samordne bruk av bestemmelser i planen med behandlingen etter sektorlov der planen åpner for et tiltak som også krever tillatelse etter sektorlov.»*

#### Friluftsliv

Det nye anlegget er planlagt lokalisert 500 meter frå land, medan det eksisterande ligg 100 meter frå land. Større avstand mellom anlegget og land er vurdert til å ha positiv verknad med omsyn til friluftsliv i strand-/kystsona like ved dagens anlegg. Ny lokalisering vil betre tilhøve for bruk av Åbergsholmen. Samstundes vil planframlegget få negative verknadar for lokalt fritidsfiske, ettersom planlagt anlegg er større enn eksisterande situasjon.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne ved Toskaflua, Toska Sør, Radøy kommune som kan bli direkte råka av tiltak i reguleringsområdet. Museet har ingen merknader til detaljreguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnehene i kulturminnelova.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld planfaglege merknadar, akvakultur, friluftsliv, samt kultur og kulturminne. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Malene Utkilen  
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Malene Utkilen, Planseksjonen, REGIONALAVDELINGA

Endre Korsøen, Klima- og naturressursseksjonen, REGIONALAVDELINGA

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA